



Svein Kvamme  
Leirvikneset 2B  
5179 GODVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2315 - 15/36813

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
07.12.2015

## Gbnr148/2 Litleskare. Melding om vedtak i sak 161/15 Søknad om deling av grunneigedom.

Plan- og miljøutvalet har handsama søknaden dykkar om å få dele frå ein parsell av gnr.148 bnr.2 Litleskare.

I sak 161/15 vart det gjort følgjande vedtak:

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

- Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Ikkje Lindås kommune løyve til deling av gnr.148 bnr.2 slik det er søkt om.
- Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 gjev Lindås kommune ikkje dispensasjon frå gjeldande plan, for deling av gnr.148 bnr.2 slik det er søkt om.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

### **Plan- og miljøutvalet - 161/15 PM - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **PM - vedtak:**

- Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Ikkje Lindås kommune løyve til deling av gnr.148 bnr.2 slik det er søkt om.
- Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 gjev Lindås kommune ikkje dispensasjon frå gjeldande plan, for deling av gnr.148 bnr.2 slik det er søkt om.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.



**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014 gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Dispensasjon frå gjeldande plan – LNF føremålet	kr. 8400,-
Deling ikkje i samsvar med arealføremålet	kr. 7800,-
Deling jordlova §12	kr. 2000,-
Sum	kr.18200,-

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker etter at ein har vorte kjend med vedtaket, jf. §§28 flg. i Forvaltningslova.

Vedlagd føl saksutgreiinga til orientering.

Med helsing

Eli Bjørklid  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bjørn Kvamme

Vestre  
Holbergsalm. 17

5011

BERGEN

**Mottakarar:**  
Svein Kvamme

Leirvikneset 2B 5179

GODVIK